

**Lindås kommune,
plan-og miljøutvalget.
Kvernhusmyrene 20.5914 Isdalstø.**

Fanebust 16082013

Merknad til reguleringsplan Fonnebost Småbåthamn, gbnr 106/12 m. fl.

Viser til brev datert 08.07.13 om 1. gongs offentleg ettersyn reguleringsplan småbåthamn, Fonnebost gbnr.106/12 m.fl.

Som eigar av gbnr. 106/150 grensar min eigedom til det føreslått regulerte området. Eg er og medeigar i den private vegen som inngår i planen. Eg vil derfor bli direkte berørt av tiltaka i planen.

Slik eg ser det vil tiltaka i planen vera i konflikt med eksisterande interesser i området, så som landbruk, friluftsliv og fastbuande. Planen bryt og med overordna planar og nasjonale føringer ved at tiltaka er planlagt på dyrka mark og dei fleste ligg også innanfor 100-meter sona. Tiltaka i planen strir dermed både mot nasjonale føringer i høve til vern av matjord og mot nedbygging av strandsona.

Eg opprettheldt derfor min tidlegare innsendt merknad i saka , og ber om at planen blir avvist.

Utbyggjar legg i sin plan opp til å nytta privat veg som tilkomstveg til tiltaka ved sjøen. Han vil og leggja til rette for allmenn bruk av vegen. Dette er ikkje avklart med oss som eigarar av vegen. Kostnader i samband med utviding av vegen og framtidig vedlikehold av vegen er heller ikkje avklart eller inngått avtale om.

Alle forhold kring bruk av og kostnader med privat veg må vera avklart med eigarane før planen blir godkjent.

Eg ser det og som svært uheldig at einaste tilkomstveg til våre bustadhус (gbnr. 106/ 150, 13 og 151) skal gå gjennom eit camping- og badeområde.

Deler av denne private vegen ligg i bratt terreng, og vegen er i dag så brei som terrenget tillet. Det er vanskeleg å sjå korleis vegen skal utvidast til bredde på fire meter, utan å komma i konflikt med utbyggars eigen plan bl.a. punkt 1.2.3. Det går ikkje fram av planen korleis dette skal løysast.

Av omsyn til strandsona må det setjast strenge restriksjonar på bruk av sprenging og fyllingar. Løysingar for terrengetjamning må gå tydeleg fram av planen.

I samband med tiltaka ved sjøen er det planlagt stor parkeringsplass på over 300m² tett opp til mitt bustadhus. I tillegg skal trafikk til og frå båthamn, naust, slipp og servicebygg gå via badevika. Området skal og leggjast til rette for offentlegheita. Dette inneber at mitt bustadhus vil liggja mindre enn 20m frå parkeringsplass offentleg badeplass. Eg fryktar at dette vil få svært negative konsekvensar for oss i form av trafikk og støy. Erfaringar frå bade- og friluftsområdet Nautevågen, viser at dette blir stadig meir nytta på kvelds- og nattetid, med tilhøyrande trafikk av mopedar og bilar. Me erfarer allereie at trafikk til eksisterande båthamn køyrer opp i tunet vårt for å snu. NB rettsrunde

Utbyggjar har allereie etablert bilveg, parkering og fyllingar i Kolåsvika. Naboar og brukarar av badevika har ikkje hatt høve til å påverka denne utviklinga, då dette blei gjort utan godkjent reguleringsplan eller nabovarsel. Dette er allereie eit brot med kommuneplanens føresegner og retningsliner punkt 2.56

”...Badeplassar.. skal ikkje byggjast ned.” Fyllinga hindrar gjennomstøyming av vatn, og har ført til at badevika er i ferd med å bli evjete.

Det er vanskeleg for oss å sjå kvifor ein skal leggja dette området til rette for offenlegheita, når ein allereie har det store området på Nautevågane tilgjengeleg både for badegjestar, telting og bubar.

Dersom planen likevel blir godkjend, må dette skje på følgjande vilkår for å redusera trafikk på privat veg ved sjøen, skjerme badevika og minske tap av innmark.

All parkering til båthamn og badeområde blir samla i nord ved gbnr. 106/32.

Alle oppstillingsplassar for bobil blir samla ved eksisterande driftsbygning. Parkering til utleigehytter og camping blir og lokalisert her. Tilkomstveg for desse blir då utbyggars eigen private veg.

Nye naust blir samla i eit naustmiljø ved offentleg kai i nord.

Tilkomstveg til båthavn, slipp m.m blir lagt inn frå nord, utan å gå via badevika (Kolåsvika).

Utleigehytte 2 blir flytta opp saman med hytte1.

Det blir sett maks. areal på utleigehytter som samsvarar med føremålet camping.

Det blir sett strenge restriksjonar for terrengutjamning med bruk av sprenging og fyllingar, for tiltaka ved sjøen.

I tillegg må punkt 2.11 og punkt 6.13 i kommuneplanen, om trafikksikringstiltak langs Fv 400 før utbygging av bustadfelt/småbåthavn, gjelda heile vegen Lindås-Fonnebostsjøen av hensyn til mjuke trafikantar og husdyr ført etter vegen.

Avslutning:

Me ber om å få tilsendt kopi av utbyggars svar på innsendte merknader straks desse er klar og blir sendt kommunen.

Mvh

Sonja Vabø

Ragnhild Vabø. Har burett i huset.

Johnny Hammersland.